



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
16.04.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/15172 331.2  
Dykkar referanse

### Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø  
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik  
Regionrådet Vest, Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

### Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2018

Fylkesmannen har i brev av 19. desember 2017 invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2018. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføringa. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr 91,5 mill. i ordinært skjønstilskot av den samla skjønssamma på kr 122,5 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att, kr. 31,0 mill., blir no kr 13,6 mill. fordelt som projektskjøn til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Det blir no gitt tilskot til 24 av søknadene etter at Fylkesmannen har motteke til saman 55 søknader frå kommunane. Samla søknadssum er om lag kr 63,9 mill.

Av det samla søknadsbeløpet utgjer søknader knytt til digitalisering og IKT kr 34 mill., fordelt på elleve søknader. Det utgjer noko over halvdelan av det samla søknadsbeløpet. Vi har behov for å vurdere prosjekt knytte til digitalisering nærare. Tilskot til føremålet vil difor bli fordelt særskilt i eiga ramme for 2018. Det blir sett av ei ramme på kr 5,0 mill. til føremålet. Fylkesmannen vil senda eit eige brev til kommunane med nærare opplysningar om det.

Etter at det no er fordelt kr 13,6 mill. i projektskjøn, vil det vere ei attståande skjønssamme for i år på kr 17,4 mill. Denne ramma vil bli fordelt i samband med:

- særskilt fordeling til prosjekt digitalisering og IKT
- særskilt fordeling til satsing mot barnefattigdom
- tilskot i samband med behov som oppstår i året, særleg med tanke på uventa hendingar
- generell fordeling som ordinært skjønstilskot dersom det er attståande midlar

Frå og med fordelinga for 2014 har det vore ein søknadsprosess der regionråda har ei koordinerande rolle. I lys av den planlagde omorganiseringa av fylkesmennene frå 2019, blir regionråda si rolle ikkje endra for 2018.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningsliner er det presisert at det berre er kommunar som kan søkje om prosjektmidlar og stå som ansvarlege for prosjekta.

Fylkesmannen legg blant anna til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og innovasjon:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid
- kommunane må sjølve delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene
- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling

Det er gjort følgjande fordeling mellom føremåla, i kr :

- Barn og unge	kr 2,5 mill.
- Omsorgstenester	kr 3,4 mill.
- Integrering av flyktningar	kr 0,4 mill.
- Samfunnstryggleik og beredskap	kr 2,4 mill.
- Miljøvern og landbruk	kr 0,9 mill.
- Interkommunalt planarbeid	kr 4,0 mill.
<b>Sum</b>	<b>kr 13,6 mill.</b>

Vedlagt følgjer oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår.

Vi ber alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Rapportering for prosjektskjønn 2018 må bli gjort i den same databasen som er blitt nytta for søknader for 2018, det vil seie: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2018 er 01.februar 2019. Tidsfristen for tilbakemelding kan bli endra.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

